



Arkivnr: 2015/10633-27  
Saksbehandlar: Marte Hagen Eriksrud

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		07.02.2017
Fylkesutvalet		22.02.2017

## Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - planforslag

### Samandrag

Regional transportplan Hordaland er ein langsiktig regional strategiplan for utvikling av transportsektoren i Hordaland. Planen inneheld mål til alle relevante delar av transportsystemet, samt strategiar og tiltak som viser korleis måla skal følgjast opp. Planen legg grunnlag for fylkeskommunen sine prioriteringar gjennom handlingsprogram og budsjettvedtak, samstundes som den skal gje innspel og føringar til prosessar som gjeld Hordaland, men som ligg utanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde.

Handlingsprogram for RTP omhandlar aktuelle utgreiings- og utviklingsoppgåver, omtalt om tiltak, og er vedlegg i planforslaget. I tillegg vert det utarbeida eit eige lnesteringsprogram for Fylkesvegnettet, som skal på høyring hausten 2017. Prioritering av konkrete prosjekt, basert på føringar i RTP, vert presentert i Investeringsprogram for Fylkesvegnettet.

Regional transportplan Hordaland 2018-2029 er ei rullering av Regional transportplan Hordaland 2013-2024, vedtatt av fylkestinget i desember 2012. Fylkesutvalet vedtok planprogram for RTP 2018-2029 i januar 2016.

Fylkesrådmannen legg med dette fram sak om utsending av planforslaget, til Regional transportplan Hordaland 2018-2029, på høyring, jamfør plan- og bygningslova § 8-3.

### Forslag til innstilling

1. Planforslag, Regional transportplan Hordaland 2018-2029, vert sendt på høyring i medhald av plan- og bygningslova § 8-3.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - planforslag

**Fylkesrådmannen, 18.01.2017**

## 1. Innleiing

Regional transportplan Hordaland er ein langsiktig regional strategiplan for utvikling av transportsektoren i Hordaland. Planen inneheld mål til alle relevante delar av transportsystemet, samt strategiar og tiltak som viser korleis måla skal følgjast opp. Planen legg grunnlag for fylkeskommunen sine prioriteringar gjennom handlingsprogram og budsjettvedtak, samstundes som den skal gje innspel og føringar til prosessar som gjeld Hordaland, men som ligg utanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde.

Regional transportplan Hordaland 2018-2029 er ei rullering av Regional transportplan Hordaland 2013-2024, vedtatt av fylkestinget i desember 2012. Fylkesutvalet vedtok planprogram for RTP 2018-2029 i januar 2016. Planen er forankra i Regional planstrategi.

Forslag til regional plan skal sendast ut på høyring og offentleg ettersyn med ei frist på minimum 6 veker. Planen har eit tidsperspektiv på 12 år. Behovet for revisjon av planen blir vurdert kvart 4. år i regional planstrategi.

Layout av planforslaget skal skje parallelt med politisk handsaming i MISA og FUV, slik at planforslaget som vert sendt på høyring vil vere eit heilskapleg plandokument.

## 2. Kort om planforslaget

Planforslaget har 9 kapittel. Kapittel 1 til 4, er overordna kapittel. Kapittel 5 til 9, er plantema; Fylkesvegnettet, Kollektivtransport utanom Bergensområdet og anna offentleg transport, Transport i Bergensområdet, Regionsenter og Statlege ansvarsområde.

Regional transportplan Hordaland har eit overordna mål. I tillegg har kvart plantema egne hovudmål og delmål. Innanfor det enkelte plantema vert det formulert strategiar og tiltak som viser korleis ein skal nå måla. Mål som er henta frå andre plandokument er merka med den aktuelle planen i parentes. Det er formulert eit hovudmål om lågutsleppssamfunnet, delmål, strategiar og tiltak til hovudmål lågutsleppssamfunnet er integrert i dei fem andre plantema.

Overordna mål for Regional transportplan Hordaland 2018-2029:

Hordaland skal ha eit sikkert transportsystem som ivaretek mobilitetsbehov og bidreg til omstilling til lågutsleppssamfunnet.

### Kap. 5 Fylkesvegnettet

Hovudmål: Hordaland skal ha eit trafiksikkert og framkomeleg fylkesvegnett. Vedlikehaldet av dagens fylkesvegnett skal styrkast med mål om å stoppe veksten i forfallet.

### Kap. 6 Kollektivtransport utanom Bergensområdet og anna offentleg transport

Hovudmål: Kollektivtransporten skal gje eit samanhengande grunntilbod med ein hovudstruktur som bind fylket saman.

### Kap. 7 Transport i Bergensområdet

Hovudmål: Bergensområdet skal ha eit effektivt transportsystem som gir miljøvennleg og trygg transport, god mobilitet og tilgjenge til viktige reisemål. Veksten i persontransporten skal takast med kollektiv, sykkel og gange (Regional areal- og transportplan for Bergensområdet).

### Kap. 8 Regionsenter

Hovudmål: Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal tilretteleggje for vekst i heile fylket (Regional plan for attraktive senter i Hordaland).

Kapittel 8 om regionsenter er eit nytt plantema, som ikkje er omtalt i planprogrammet. Bakgrunnen for å la regionsentera få eit eige kapittel, er ønskje om at RTP skal vidareføre og forsterke den satsinga på

regionsentera som ligg i mellom anna Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel.

### Kap. 9 Statlege ansvarsområde

Hovudmål: Hordaland fylkeskommune skal fremje regionale interesser innan samferdselsområdet.

### Handlingsprogram for RTP

Handlingsprogram for RTP 2018-2029 er tatt inn som eit vedlegg til planforslaget og ligg i slutten av dokumentet. Her er det lagt inn ein omtale av kvart enkelt tiltak som er lista opp under kvart plantema.

### **3. Handlingsprogram**

Plan- og bygningslova, § 8-1, set krav om at det, som del av regional plan, skal utarbeidast eit handlingsprogram for gjennomføring av planen. For RTP 2018-2029 er det lagt opp til ei endring i utforming og innretting av aktuelle handlingsprogram, jamfør gjeldande RTP.

Handlingsprogrammet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029 omhandlar aktuelle utgreiings- og utviklingsoppgåver, omtalt som tiltak, og er vedlegg i planforslaget. I gjeldande RTP med tilhøyrande handlingsprogram, vil dette tilsvara del 1 av handlingsprogrammet (Handlingsprogrammet 2015-2017, vedtatt av fylkestinget 9 og 10. desember 2014).

I tillegg til Handlingsprogrammet til RTP vert følgjande oppfølgingsdokument utarbeida:

- Investeringsprogram for Fylkesvegnettet
- Handlingsprogram for Kollektivstrategi for Hordaland

#### 3.1 Investeringsprogram - Fylkesvegnettet

Investeringsprogrammet skal bygge på overordna føringar som er gitt i Regional transportplan Hordaland 2018-2029 og gje ei prioritering av prosjekt og tiltak som skal byggjast. Investeringsprogrammet syner primært prioritering av investeringstiltak på fylkesvegnettet i perioden 2018-2021. For å sikre god styring med kva planar som vert starta opp, er det i tillegg behov for føringar på kva prosjekt som skal planleggast med tanke på realisering etter første fireårsperiode. Eit slikt grep vil bidra til å sikre ei betre styring med kva planar som vert starta opp, og at prosjekt er planavklarte og klare for gjennomføring når finansieringa er på plass (porteføljestyring). Investeringsprogrammet skal ha tett kopling med årlege budsjett og fireårig økonomiplan for fylkeskommunen.

Investeringsprogrammet skal inkludere og erstatte dei årlege plan- og byggeprogramma (Plan- og byggeprogram for fylkesvegane utanom Bergen og plan- og byggeprogrammet innanfor Bergensområdet), samt handlingsplan for trafikksikring. Programmet skal rullerast kvart år, slik at ein ikkje mister fleksibiliteten i forhold til endringar ved budsjett og vedtak. Investeringsprogrammet skal på høyring hausten 2017, med sikte på endeleg vedtak i fylkestinget i desember 2017.

Investeringsprogrammet skal omhandle dei tiltak og ressursar som er nødvendige for å gjennomføre mål og strategiar frå Regional transportplan, samt vise kven som har ansvaret for å finansiere og gjennomføre tiltaka. Programmet er eit viktig styringsdokument i høve til prioriteringar på fylkesvegnettet, og gjev ein prioritering for investeringar og drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Prioriteringane må være knytt opp mot dei økonomiske rammene fylkeskommunen har til fylkesvegnettet.

### **4. Organisering og medverknad med utarbeiding av planforslaget**

Planprogram for RTP, vedtatt av fylkesutvalet januar 2016, gir ei skildring av organisering og opplegg for medverknad i utarbeiding av planforslaget. Styringsgruppe for arbeidet har vore ei administrativ prosjektgruppe beståande av Hordaland fylkeskommune, samferdselsetatane, regionråda i fylket, samt Bergen kommune. Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen har vore sekretariat for planarbeidet.

Det har særleg vore viktig å sikre ein god dialog med kommunane og i utarbeiding av planforslaget har det mellom anna vore arrangert regionvise dialogmøte med alle kommunane i fylket. Det vert lagt opp til å invitere inn til eit møte i referansegruppa for arbeidet, i samband med høyring av planforslaget.

## **5. Høyring**

Det er lagt opp til ei framdrift i planarbeidet som sikrar eit vedtak i fylkestinget i juni 2017. For å kunne halde den framdriftsplanen vert frist for å gje høyringsinnspel satt til 7. april 2017. Det betyr at høyringsperioden vil vere 6 veker, som er minimum jamfør plan- og bygningslova.

For å sikre at kommunar og andre sentrale offentlege etatar er førebudd på høyring av planforslaget, vil fylkesrådmannen sende ut eit brev til kommunane på same tid som saka vert offentleg, med varsel om at planforslaget kjem på høyring. I brevet vert det tatt atterhald om politiske vedtak.

## **6. Fylkesrådmannen si tilråding**

Med endring i opplegg for og utforming av handlingsprogram vert det lagt til rette for eit skilje mellom strategiske diskusjonar og prioritering av konkrete prosjekt. Fylkesrådmannen sin vurdering er at eit slikt skilje kan vere nyttig ved at den politiske handsaminga, i større grad, kan rette seg mot den overordna strategiske retninga til plandokumentet.

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet skal etter planen ut på høyring i same periode som Regional transportplan Hordaland. Fylkesrådmannen vurderer det slik at det er ei styrke at desse to regionale planane kjem på høyring til same tid. Mellom anna på grunn av at kap. 7 (Transport i Bergensområdet) i all hovudsak er eit felles kapittel med transportkapittelet i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet.

Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet vedtek å sende planforslaget til RTP 2018-2029 ut på høyring.